

## Heng Naturvernforbundet sin energipolitikk på greip?

**Dette er ikkje ei allsidig vurdering av energipolitikken til Naturvernforbundet, men ei påpeiking av sider ved denne som eg meiner er feil eller inkonsekvente. Eg har ikkje gått inn i alle sider ved energipolitikken, men lagt hovudvekta på heilskapen og på vindkraft. Det vil seie at saker som energisparing og vasskraft er dårlegare dekkja, først og fremst fordi eg der har mindre å innvende. Det er ikkje skrive som eit åtak på Naturvernforbundet, men som eit forsøk frå eit engasjert medlem på å bidra til å forbetre både politikken og presentasjonen av denne. Det er i første rekke skrive for andre medlemmar av Naturvernforbundet som er engasjert i energi- og vindkraftspørsmål.**

**Sitat frå dokument frå Naturvernforbundet er gjengitt med kursiv skrift.**

Energiforsyning er ein heilt sentral del av eit moderne samfunn, for produksjonen av mat, klede, hus og andre varer vi treng for vårt daglige liv, for transport av varer og folk, for lys og varme og elektronisk kommunikasjon. Samtidig er produksjon og forbruk av energi ei kjelde til store miljøproblem i form av naturinngrep, desimering av plante- og dyreartar, forureining med svovel, klimagassar m.m. Derfor er energipolitikk ein sentral del av program og praksis for eit kvart politisk parti. I prinsippet bør denne helst vere logisk, i samsvar med fakta, konsekvent og gjennomførbar. For partia kan dette lett kollidere med andre omsyn, som ønsket om å vinne stemmer ved neste valg og om støtte fra næringslivsaktørar i energiproduksjon. Frå ein miljøorganisasjon vil også energipolitikk måtte vere ein sentral del av politikken, og der bør ein etter mi oppfatning kunne stille dei nemnde krava. Det er ikkje noko lett oppgåve å lage ein slik politikk, og det er svært mange kryssande omsyn å ta.

I Noreg ser vi at energipolitikken er eit område der dei forskjellige miljøorganisasjonane og miljøstiftingane i stor grad skil seg frå kvarandre. I denne artikkelen vil eg konsentrere meg om Naturvernforbundet. Det er for det første den største og viktigaste miljøorganisasjonen og den som har lengst røynsle med å engasjere seg for og mot forskjellige energiformer og energiutbyggingar. Det er også trulig den som har størst indre motsetningar på dette området. Eg er derimot ikkje sikker på det er den organisasjonen der vi finn mest kunnskap om energispørsmål. Eg ønsker å bidra til at forbundet sin politikk og praksis i energispørsmål blir bedre. Men da må vi starte med eit kritisk syn på kva som har vore og kva som er i dag.

Kva er Naturvernforbundet sin energipolitikk? Kor finn ein denne? På dette er det ikkje eit enkelt svar. Energipolitikken består i praksis av ei rekke element, som ikkje alltid er heilt i samsvar med kvarandre:

- *Prinsippprogrammet av 2018, med revisjonar 2021<sup>1</sup>*
- *Arbeidsprogrammet 2020-22, med revisjonar 2021<sup>2</sup>*
- *Energiuttalelse av 2013<sup>3</sup>*
- *Informasjonen på sentral nettside under tema Energi<sup>4</sup>*
- *Praksis sentralt gjennom uttalelser fra landsstyre, sentralstyre, sekretariat og utval.*
- *Praksis regionalt og lokalt gjennom uttalelser og deltaking i aksjonar.*

Eg vil her gå gjennom nokre av dei og stille nokre kritiske spørsmål og vise kor forskjellige delar av program og praksis er motstridande eller ugjennomførleg.

---

<sup>1</sup> <https://naturvernforbundet.no/getfile.php/13134359-1527679204/Dokumenter/Organisasjon%20-%20C3%A5rsmeldinger%2C%20styrende%20dokumenter%20etc/Prinsippprogram/Naturvernforbundet%20sitt%20prinsippprogram%20vedteke%20p%C3%A5%20LM%202018.pdf>

<sup>2</sup> <https://naturvernforbundet.no/getfile.php/13167301-1619728063/Dokumenter/Organisasjon%20-%20C3%A5rsmeldinger%2C%20styrende%20dokumenter%20etc/Arbeidsprogram/Arbeidsprogram%202020%20-%202022%20Vedtatt%20p%C3%A5%20landsm%C3%B8tet%20med%20endringer.pdf>

<sup>3</sup> <https://naturvernforbundet.no/dette-mener-naturvernforbundet-om-energi/category2601.html>

<sup>4</sup> <https://naturvernforbundet.no/energi/>

## 1. Prinsippprogrammet

Programmet slår i kap. 3 fast tre grunnleggande prinsipp, som også må ligge til grunn for energipolitikken:

- Vern om naturmangfaldet.
- Stopp dei farlege klimaendringane.
- Berekraftig ressursbruk.

På grunnlag av desse er så energipolitikken utforma i kapitlet

### 4.2 Energi

*Menneska treng energi, og den må vere fornybar og klimavenleg, brukast effektivt og produserast og transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på naturmangfaldet. Vi må nytte rett energiform til ulike bruksområde, og vi må effektivisere sjølve energibruken. Det inneber også at vi må gjere ei omlegging av energibruken, slik at fossil energibruk blir redusert og erstatta av fornybar energi.*

Spørsmål: Kva meiner vi med at menneska treng energi? Kva legg vi her i energi og når begynte vi å trenge denne?

Kommentar: Alt liv på jorda treng energi, som vi i siste instans får frå sola og frå jordas varme indre delar. Planter omdannar energien til ein form som menneske og andre dyr kan bruke. Kva er det som er spesielt med menneska. For det første er vi "den nakne ape"<sup>5</sup>, som er avhengig av klede til å klare seg gjennom forskjellige årstider rundt på kloden, for det andre har vi frå menneskeætta sin barndom lært oss å utnytte elden til å halde varme og bearbeide mat gjennom koking og steiking. Menneska byrja tidlig å lage seg skjul/telt/gammer/hytter og hus for å bu i, permanent eller for kortare eller lengre periodar, avhengig av næringstilgangen. Den første energien vi utnytta utanom det vi fikk gjennom maten, var altså varmeenergi frå å brenne tørre kvistar og anna brennbart materiale frå naturen. Dette blei i varme strøk i første rekke brukt til matlaging, i kjøligare strøk for oppvarming av bustadar, tørking av klede m.m. Ved sida av tre og busker har bl.a. torv og tørka møkk frå husdyr blitt brukt som brensel. Utviklinga av omnar har betydd enormt mye for effektiv utnytting av brennstoff og har redusert behovet for ved kraftig. Her kom det første store eksempel på energieffektivisering. Mange stadar i verda, frå Afrika til Noreg, er brenning av plantemateriale frå naturen framleis ein viktig del av den daglige energiforsyninga. Effektivt utnytta vil dette fortsatt kunne redusere behovet for tilførsel av eksterne energikjelder som olje og elektrisk straum. På andre sida vil sinking og hogging av brennbart materiale kunne overbelaste naturen.

Spørsmål: Kva ligg det i at energien må vere fornybar og klimavennlig? Eksisterer det slik energi?

Kommentar: Det er ikkje nok å bare sjå på sjølve drifta, om energiomsetjinga f.eks. skjer frå vindenergi til elektrisk energi eller frå fossilt brennstoff til rørsleenergi. Ein kvar energiprodusent, energiomdannar eller energiforbrukar må vurderast i eit livsløpsperspektiv. Kva er materialforbruket, arealinngrepet og utsleppet av klimagassar og anna forureining i løpet av heile prosessen frå innsatsfaktorane blir utvunne til energiprodusenten er utslitt og forsvarlig demontert og materiala er deponert eller resirkulert. Slike samanlikningar er vanskelige, bl.a. fordi dei forskjellige energiprodusentane og forbrukarane har svært forskjellig levetid, og fordi det er svært mange komponentar innblanda, ikkje minst i dei "fornybare" teknologiane som vindkraft og elbilar. Men ein del er likevel gjort, f.eks. i samanlikning mellom elbilar og bensinbilar. Dei viser at i eit livsløpsperspektiv kan ein elbil i beste fall gi ein reduksjon i utslepp på 30-50% samanlikna med ein bensinbil. Dette gir ikkje grunnlag for å omtale elbilen som klimavennlig. Tilsvarende gjeld for f.eks. vindkraft samanlikna med kolkraft. Her må det i tillegg til utsleppet i livsløpsperspektiv også vurderast arealinngrepa forårsaka av dei forskjellige teknologiane og påverknaden dette har på naturmangfoldet og på jordas evne til å ta opp og halde på karbon. Alle undersøkingar av dette viser at dei "fornybare" energiformene har dei klart største arealinngrepa.<sup>6</sup>

Konklusjon: Det finst ikkje grunnlag for å kalle nokon former for energi og energiprodusentar for fornybare eller klimavennlige. Dermed fell heile grunnlaget for denne setninga.

<sup>5</sup> Desmond Morris: Den nakne ape. 1968.

<sup>6</sup> [https://l.facebook.com/l.php?u=https%3A%2F%2Fwww.bloomberg.com%2Fgraphics%2F2021-energy-land-use-economy%2F%3Ffbclid%3DIwAR35ZBrATZYZ-RmiEqIznLmrXqbeU44kfvwZQxNDSBoCnyI4ed3gja9dzc&h=AT3keFHHgRIPeuvo3dTTvAAAt0c9wWkUETAZj\\_PZjL1OCyWKC0PWnuW93rCkhK0G34KZCklrcie0JUoi4sQ64d6ZSFm349WcPAugn5Gv1o7L6HQz0YH0z61q0v5FcifhQXPhvhgfDeQ&\\_\\_tn\\_\\_=%2CmH-R&c\[0\]=AT0wZW7bG0C9r03f6VKFpzCz-9OyEZIfwWatux0MBYqchjBA5fFge6UMMFMBq4hqGCIC1xvEhgYStTHipc3SOtWwRgPTeqPDkvi1L-qaebtvEPMq12wM8Q\\_DsWAP4TWUYkfsVvdFS26e5m\\_RLcSx7\\_2QZJ3ogQMS6FEFmfsPAOXgb\\_YX9ikH5aChfRIVKgoCDU5ri9D6ICFFoUagpw](https://l.facebook.com/l.php?u=https%3A%2F%2Fwww.bloomberg.com%2Fgraphics%2F2021-energy-land-use-economy%2F%3Ffbclid%3DIwAR35ZBrATZYZ-RmiEqIznLmrXqbeU44kfvwZQxNDSBoCnyI4ed3gja9dzc&h=AT3keFHHgRIPeuvo3dTTvAAAt0c9wWkUETAZj_PZjL1OCyWKC0PWnuW93rCkhK0G34KZCklrcie0JUoi4sQ64d6ZSFm349WcPAugn5Gv1o7L6HQz0YH0z61q0v5FcifhQXPhvhgfDeQ&__tn__=%2CmH-R&c[0]=AT0wZW7bG0C9r03f6VKFpzCz-9OyEZIfwWatux0MBYqchjBA5fFge6UMMFMBq4hqGCIC1xvEhgYStTHipc3SOtWwRgPTeqPDkvi1L-qaebtvEPMq12wM8Q_DsWAP4TWUYkfsVvdFS26e5m_RLcSx7_2QZJ3ogQMS6FEFmfsPAOXgb_YX9ikH5aChfRIVKgoCDU5ri9D6ICFFoUagpw)

Spørsmål: Energien skal "brukast effektivt og produserast og transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på naturmangfaldet." Er dette mogleg?

Kommentar: Det er enno ikkje oppfunne ein energiproducent som kan produserast eller transporterast utan å skape ureining (sjå førre kommentaren) Dette er bare eigna til å skape illusjonar til fordel for visse former for energiproduksjon.

*Naturvernforbundet meiner at:*

- *Det samla energiforbruket må reduserast og bli mest mogleg effektivt. Energieffektivisering og -sparing må premierast gjennom eigna verkemiddel. Det må stillast strenge krav til energibruk i bygningar. Desse krava må strammast inn med jamne mellomrom, slik at bygg og anlegg i størst mogleg grad er sjølvforsynt med energi, med lågt energiforbruk og ressursfotavtrykk i eit livsløpsperspektiv.*
- *Norsk olje- og gassverksemd må trappast ned og gradvis fasast ut innan 2040, ved at det ikkje opnast for leiting og utvinning av olje og gass i nye område og med ein nedtrappingsplan som sikrar ei rettferdig omstilling for oljearbeidarane.*

Kommentar: Kva er hensikten med å legge ned olje- og gassverksemda? Trulig er det tenkt at Noreg skal bidra til at det blir brent mindre fossilt brensel som gir CO2. Spørsmålet er om dette blir verknaden. Vil dagens mottakarar av norsk olje og gass stå klare til å erstatte dette med andre energiformer, og vil desse vere mindre miljøskadelige? Eller vil f.eks. norsk gass bli erstatta med kol eller kjernekraft? Har ein sett på anna bruk av olje og gass, f.eks. som smøreolje, hydraulikkolje, produksjon av plast og forskjellige kunststoff? Eller skal vi bare kutte eiga verksemd for å importere den olja vi treng? Er det god ressursbruk å skrote fullt brukbare plattformer og tette igjen hola til halvtømte reservoar? Og kva i all verda er "ei rettferdig omstilling for oljearbeidarane"? Rettferdig i forhold til kva?

- *Fossil energibruk i Noreg må fasast ut for å nå 1,5-gradersmålet. Energieffektivisering, nedgang i transportbehovet og ei utfasing av petroleumverksemda er dei viktigaste tiltaka. Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi, ikkje auke den samla energibruken. Ved all utbygging av fornybar energi må klimagassutsleppa og ressursbruken vurderast i eit livsløpsperspektiv for produksjonen, og det må takast særskilt omsyn til naturmangfald, folkehelse, landskap og tradisjonelle naturbaserte næringar og samisk kultur og næringsutøving.*

Kommentar: Nettopp. Her skal ein vurdere i eit livsløpsperspektiv, men da forsvinn heile grunnlaget for å omtale desse energiteknologiane for fornybare. Dersom ein skal ta desse omsyna, vil det heller ikkje bli mogleg å bygge ut meir vindkraft.

- *Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og tilhøyrande naturinngrep og klimagassutslepp. Fordi transport av kraft inneber energitap og kan gje betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte energiressursane nær der dei oppstår, og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg og i utlandet.*

Spørsmål: Korleis skal ein ved lokal utnytting kunne fortrenge fossil energibruk i utlandet?

- *Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må derfor ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. Det må sikrast ei forsvarleg mellomlagring av det norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent lagring i Noreg. Noreg må ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot atomforureining.*

Kommentar: Analyse av atomkraft må bygge på dei røynsleane som er gjort og på dei mulighetene som ligg i vidare utvikling. Som andre teknologiar må denne vurderast ut frå skadeverknadar for menneske og natur. Ei slik samla vurdering har ikkje Naturvernforbundet gjort av atomkraft. Derimot tar ein heile teknologien for atomkraft i fortid, notid og framtid under eitt og fastslår at denne er uakseptabel. Dermed ser ein heilt bort frå at atomkraft gir langt mindre arealinngrep enn dei "fornybare" energikjeldene og langt mindre klimagassar enn dei "fossile". Ein ser også bort frå at 4. generasjons reaktorar og thorium kan løyse nokre av dei problema som har vore med atomkraft så langt.

• *Ujavn tilgang til, og lite effektiv bruk av, energi er med på å oppretthalde den skeive måten velstand er fordelt på globalt. Internasjonal bistand må i større grad rettast inn mot å nå dei fattigaste, med desentraliserte tiltak for energieffektivisering og bruk av fornybar energi.*

Ved sida av energikapitlet er vass- og vindkraft spesielt behandla under kap. 3.1. Naturmangfaldet:

- *Det trengs omfattande tiltak for å sikre den unike vassdragsnaturen mot fleire inngrep. Verneplanen må utvidast og verna vassdrag må få sterkare vern. God økologisk tilstand må vere eit mål for alle vassdrag.*
- *Naturødeleggjande vindindustri må stansast. Utbygging må avgrensast til mindre anlegg, i industrialiserte område. Der slike anlegg er bygd, må det bli stilt krav til sikring mot forureining og til garantiar for at område blir rydda etter at konsesjonstida går ut.*

Spørsmål:

- Korleis tolke "Naturødeleggjande vindindustri". At all vindindustri øydelegg naturen eller at det finst vindindustri som ikkje øydelegg natur og som derfor ikkje treng å stansast? Kor er i såfall denne?
- Kva er eit mindre anlegg? Kor mange turbinar og kor store skal akseptast?
- Kva er eit industrialisert område? Der det tidligare er bygd ut vasskraft? Det det har vore gamle gruver? Kva omsyn skal takast til avstand til bustadar, arbeidsplassar og offentlig ferdsel?

## **2. Arbeidsprogrammet**

– *Opprette et energiutvalg som landsstyret fastsetter et mandat for.*

Kommentar: På høg tid. Normalt er det landsstyret som opprettar utval. Når dette måtte vedtakast av landmøtet og dermed overstyre landsstyret, er det fordi landsstyret ikkje har gjort dette. Mandatet må ikkje gjørast for snevert. Til energiutvalet bør det oppnemnast folk med gode kunnskarar om forskjellige sider ved energispørsmål og skadane ved forskjellige energiformer, og folk med forskjellige syn på f.eks. vindkraft og atomkraft.

– *Vannkraftprosjektene Finna (Innlandet) og Lårdalsåi (Vestfold og Telemark) samt vindkraftprosjektene Innvordfjellet (Trøndelag) og ved Rásttigáísá (Troms og Finnmark) som er to særleg naturskadelige vannkraftprosjekt og to særleg naturskadelige vindkraftprosjekt stanses.*

Kommentar: Det er all grunn til å stanse desse, men kan denne prioriteringa gi inntrykk av at andre prosjekt er det ikkje så farlig med? Er vasskraftutbygging no eit like stort trugsmål som vindkraft, og er det derfor rett å låse seg til to av kvar?

– *Gitte konsesjoner for vindkraft ikke får utsatt frist for idriftsetting*

Kommentar: Dette er aktuelt akkurat i 2021, og er viktig nok, men det bør vel elles vere: "Gitte konsesjoner for vindkraft inndras."

## **3. Energiuttalelse av 2013**

På nettsida er denne presentert slik:

*Denne uttalelsen ble vedtatt på Naturvernforbundets landsmøte i 2013, og er vår oppdaterte energipolitikk. ... Artikkelen ble sist oppdatert: 09.01.2014*

Kommentar: Denne uttalelsen var et stort framskritt da den blei vedtatt, og den blei da også vedtatt av eit knapt fleirtal mot røystene til fleirtalet i daverande leiing. Her blir slått fast fleire viktige prinsipp som

– *Elsertifikatmarkedet har ført til det største presset på sårbar norsk natur siden de store kraftutbyggingenes tid, og systemet for søknad og tildeling av konsesjonstillatelser ivaretar ikke hensynet til naturmangfold, folkehelse og landskap.*

– Energieffektivisering må være øverste prioritet i energipolitikken.

– Naturvernforbundet er mot å drive plattformer på sokkelen med elkraft fra land.

Det har gått nesten 8 år sidan denne blei vedtatt. Er det fortsatt Naturvernforbundet sin oppgraderte energipolitikk? Har det ikkje skjedd noko i desse åra som gir grunnlag for å gi ei ny oppgradering? I første omgang bør kanskje presentasjonen modereres noe, i neste omgang kan denne vere mogen for ei oppgradering på landsmøtet i 2022.

#### 4. Informasjonen på sentral nettside

Få lesar program, det er trulig langt fleire som les temastoffet på nettsida. Nettsida har derfor to svært viktige funksjonar:

– Fortelje til folket kva Naturvernforbundet meiner

– Gi faktainformasjon om energiproduksjon og påverknaden på natur og klima av forskjellige former for energiproduksjon og energibruk.

Materialet om energi på nettsida finn vi på fleire stadar, og det kan krevje litt leiting å finne fram til dei: Under *Om oss – Styrende dokumenter* finn vi Prinsippprogrammet og Arbeidsprogrammet som er omtalt over. Eg vil her først sjå på det som skal vere hovudinformatjonen om energispørsmål, nemlig *Tema – Energi*

Her er mye materiale, så det kan vere vanskelig å halde oversikten, men eg skal forsøke å skildre strukturen slik eg oppfattar den. Først er det ein felles innleiande artikkel om Energi. Dette vil altså vere det første som møter lesaren som lurar på Naturvernforbundet sin energipolitikk. Her står det følgjende, med mine kommentarar:

##### *Energi*

*Energi er en dyrebart ressurs, og det er miljøet som betaler prisen. All energiproduksjon har i større eller mindre grad konsekvenser for miljøet. De energikildene vi bruker desidert mest av er også de desidert farligste, og er i ferd med å endre klimaet på kloden. Men fremtiden er både fornybar og energieffektiv.*

Kommentar: Problemet med bruken av ordet "vi" i ein slik samanheng er kven det skal dekke. I dette tilfellet må det vel vere slik at ein med "vi" tenker heile befolkninga på kloden. Allereie her gjør ein eit skilje mellom fornybar og ikkje-fornybar, vi får sjå vidare om dette blir forklart.

*Fossile energikilder som kull, olje og gass står for ¾ av verdens samlede energiproduksjon. Disse energikildene er en stor del av grunnlaget for industrialisering, det moderne samfunnet og finansieringen av den norske velferdsstaten. Kontroll over energiresurser, og tilgang til energi, er også en pådriver for mange store, internasjonale politiske konflikter. Fossil energi er også hovedproblemet bak klimatrusselen verden står overfor.*

*Skal vi greie å nå klimamålene, er vi tvunget til å legge om energiforbruket. Bruken av fossil energi må fases ut, og erstattes med mindre skadelige energikilder. Over hele verden, i alle sektorer.*

Kommentar: Dette forklarar betre kva ein meiner i starten. Her er ein tvilsam påstand om at den norske velferdsstaten er finansiert av olja. Det er ein litt annan debatt, men denne påstanden burde ein spart seg, for det er all grunn til å stille spørjeteikn ved om han stemmer. Ellers OK

##### *Energi uten klimakonsekvenser?*

*Utvikling av klimavennlige energikilder som vannkraft, solenergi, vindkraft, bølgekraft og geotermisk energi er på vei oppover. Mange steder i verden er den fornybare energien den billigste og mest fleksible energien, som er enklast å bygge ut. Stadig forskning og utvikling gjør fornybar energi mer og mer konkurransedyktig.*

Kommentar: Her får vi servert dei tvilsame påstandane som at desse kraftformene er klimavennlige og fornybare, utan at dette er grunnleggjande. Det vil seie at ein reduserer vurderinga av desse energiformene til den direkte kraftoverføringa, utan å sjå på kva kraftverka fører til i livsløpsperspektiv og påveknaden på klimaet av arealinngrepa.

*Men: Selv om fornybar energi er klimavennlig, er den ikke nødvendigvis miljøvennlig. All energiproduksjon påvirker miljøet. Storstilte vannkraftutbygginger fører til betydelige endringer i naturområdene og naturverdier går ofte tapt. Vi må ha fornybar energi, men den må bygges ut på en måte som tar hensyn til natur, miljø og samfunn.*

*Vindkraftutbygging har blitt et stort konfliktema i Norge. Planene som nå foreligger gir store inngrep i sårbar kystnatur og legger beslag på store naturområder.*

Kommentar: Dette er ikkje oppdatert. Dei store inngrepa er no i stor grad gjort, og dei trugar ikkje bare kystnatur, men også natur langt inn i landet.

*Atomkraftverk gir i seg selv lite klimagassutslipp, men uranproduksjonen gjør at atomkraft har et klimafotavtrykk som ikke må overses. Atomkraft skaper dessuten radioaktivt avfall som ingen vet hvor de skal gjøre av.*

Kommentar: Dette er ei realistisk vurdering av atomkraft, betre enn den kategoriske som står i prinsippprogrammet.

*Effektiviser det vi har – ikke produser mer!*

*Fornybar energi er viktig, men bare en del av løsningen. Det aller viktigste tiltaket for en mer miljøvennlig energibruk er ikke å produsere mer, men bruke mindre.*

*Dersom vi utnytter energien vi allerede har til rådighet på en mer effektiv måte, sparer vi miljøet for klimagassutslipp og naturinngrep. Potensialet i energieffektivisering er enormt. Mye av teknologien for å utnytte potensialet er allerede utviklet, og forskningen på området avdekker stadig flere smarte løsninger både for industri, infrastruktur og bygningsmasse.*

Kommentar: Dette er svært viktig, men likevel gjør ein utbygging av meir "fornybar energi" til ein del av løysinga. Skriv ein her om Norge eller om heile Verda?

*Vannkraft ingen unnskyldning*

*Norge er i dag ett av landene med høyest elektrisitetsforbruk i verden. At denne energien i stor grad er produsert ved hjelp av fornybar vannkraft gjør ikke dette tilgivelig.*

*Norge er del av et internasjonalt kraftnettverk, og den fornybare energien vi produserer og ikke bruker kan eksporteres til land der for eksempel forurensende og klimafarlige kullkraftverk er et naturlig alternativ.*

*I tillegg vil den delen av energibehovet som i dag dekkes av fossil energi måtte erstattes av fornybar energi. Stadig mer av bilparken vil bli elektrisk, i industrien erstattes olje og gass av fornybar energi og oljefyrer i hjemmene våre erstattes med varmpumper eller andre former for oppvarming. Det gjør det enda mer nødvendig å bruke den energien vi har til rådighet på den mest effektive måten.*

Kommentar: Avsnittet heng dårleg saman og er vanskelig å sjå logikken i. Kva er det vasskraft ikkje skal vere unnskyldning for? Trolig for energisløsing, men det kjem ikkje klart nok fram.

*Under denne innleiande presentasjonen av energipolitikken finn vi tre kategoriar:  
– Hva kan du gjøre?*

Kommentar: Her er satt opp bare to eksempel på hva DU kan gjøre. Det første er *Oljefri*, som trulig no er aktuelt for svært få, ettersom det er lite igjen av oljefyring i bustadar. Deretter kjem *Energismart*, som er aktuelt for langt fleire, men likevel bare for dei som eig egne bustadar eller leiger på slike vilkår at dei kan f.eks. skifte ut omnar. For dei mange av oss som bur i burettslag, kommunale bustadar eller leiger privat, er det lite vi kan gjøre med dette. Er det da ingenting vi kan gjøre med energispørsmål utanom å melde oss inn i Naturvernforbundet?

– *Hva mener vi?*

*Reduksjon av klimagassutslipp kan ikke legitimere store ødeleggelser av natur. Risikoen med klimaendringene må veies mot risikoen utbyggingen av fornybar energi medfører for naturen.*

- *Det trengs regionale vurderinger av den samlede belastningen ved alle forslag om utbygging av fornybar energi.*
- *Utbygginger må ikke gå på bekostning av nasjonalparker og andre verneområder, store sammenhengende naturområder med lite inngrep, prioriterte og utvalgte naturtyper, prioriterte og rødlistede arter og områder med store landskapsverdier. Utbygginger må ikke føre til at forvaltningsmål for arter, naturtyper og økosystemer ikke kan bli nådd. Offentlig eide og kontrollerte selskaper må instrueres til å prioritere disse hensynene som en overordnet målsetting.*
- *Det må igangsettes en nasjonal kartlegging av naturverdier og naturmangfoldet i Norge, og det trengs mer forskning på konsekvensene ved energiutbygginger.*
- *Vi må ha en kunnskapsbasert forvaltning av naturmangfold og landskap. Dagens system med begrensede konsekvensutredninger i regi av kraftutbygger, særlig i småkraftsaker, fungerer dårlig og bidrar til marginalisering av viktige verdier.*
- *Dagens elsertifikatmarked må snarest mulig erstattes av tiltak som fremmer energisparing, energieffektivisering og raskere utfasing av fossil energi.*

Kommentar: Dette er sist oppdatert 2014. Er andre kulepunkt her i samsvar med dagens vindkraftpolitikk? Viser bl.a. til vedtaket av 2018 om ingen vindkraft i reinbeiteområde og landsmøte 2021 mot all naturødeleggende vindkraft.

– *Hva gjør vi?*

*Klimaendringene er alvorlige, urettferdige og allerede i gang. Naturvernforbundet arbeider både lokalt, nasjonalt og internasjonalt for å gjøre løsningene på klimaproblemet om til virkelighet. Vi påvirker politikere, opinionen og fjerner hindringer for at du kan leve klimavennlig. Våre 20 000 medlemmer og 100 fylkes- og lokallag over hele landet gjør Naturvernforbundet til en slagkraftig organisasjon.*

*Det beste vi kan gjøre for å ta vare på naturen og redusere klimagassutslippene er å bruke energien smartere. Vi har enorme muligheter for å spare energi der vi bor og jobber. Gjennom både politisk arbeid og forbrukerrettede prosjekter som [Energismart.no](http://Energismart.no) og [Oljefri.no](http://Oljefri.no), jobber vi for å fremme de effektive og energismarte løsningene i boliger og bygg.*

*Det å la olje og gass bli liggende under havbunnen, er avgjørende for å løse klimakrisen. Naturvernforbundet arbeider derfor for at havområdene utenfor Lofoten, Vesterålen og Senja forblir olje- og gassfrie. Gjennom demonstrasjonstog, vardebrenning, leserbrev, møter med politikere, kulturarrangementer og gode argumenter har vi i mange år klart å hindre oljeindustriens inntog i disse områdene.*

Kommentar: Dette er oppdatert seinast 2014 og er for lengst utdatert, i den grad det nokon gong har vore rett. Medlemstalet er oppgitt til 20000. Kampen om oljefritt Lofoten blir her redusert til eit spørsmål om klima. Det er heilt feil. Minst like viktig er i dag kampen om olje i Barentshavet.

Under *Tema – Energi* er det 6 hovudtema, tildels med undertema. Vi skal her sjå på eit utval av desse.

## *Fornybar energi*

*Norge er et av de landene i verden med best muligheter til å produsere miljøvennlig energi. Sammen med storstilt satsing på energieffektivisering, må den fornybare energien erstatte fossil energi.*

*Ca. halvparten av energiforbruket i Norge utgjøres av fossil energi. Fornybar energi kan erstatte fossil energi i transport-, industri-, energi- og byggsektoren. Men utbygging av fornybar energi må ikke gå på bekostning av viktige naturverdier.*

*Tapet av naturmangfoldet skjer i et farlig raskt tempo, samtidig truer klimaendringene med en global økologisk katastrofe. Vi løser ikke det ene problemet hvis vi samtidig forsterker det andre. Derfor er vi mot utbygging av atomkraft og restriktive til videre utbygging av vassdragene våre og til vindkraft på land.*

## *Mange fornybare energikilder*

*Det er mange fornybare energikilder som kan tas i bruk. Det finnes ikke én løsning på klimaproblemet. Vi behøver et bredt spekter av ulike fornybare energikilder. Blant disse finner vi oppgradering av eksisterende vannkraft, vindkraft, solenergi og bioenergi .*

Kommentar: Denne teksten, som er oppdatert sist i 2017, er noko av det som mest av alt treng ei revidering. Det er påstått at Norge har best mulighet for å produsere miljøvennlig energi, men bare indirekte sagt kva ein meiner er miljøvennlig. Om ein ser på kor Noreg har gode naturlige føresetnadar, må det vere snakk om vass- og vindkraft. Å oppnemne desse til miljøvennlige er eit hån mot alle dei, også i Naturvernforbundet, som har kjempa mot inngrep frå vass- og vindkraftutbyggingar. Andre stader på nettsida står det at mens desse energiformene er klimavennlige (noko som også er tvilsamt), er dei ikkje nødvendigvis miljøvennlige. Her blir dei kollektivt utnemnd til miljøvennlige.

På slutten står den høgst tvilsame påstanden at vi behøver vindkraft.

Den første underkategorien er vindkraft. Denne er oppdatert januar 2021:

## *Vindkraft*

*Utbygging av vindkraft innebærer betydelige arealinngrep og store naturødeleggelser. Naturvernforbundet er sterkt imot utbygging av vindkraft i sårbare og verdifulle naturområder.*

Kommentar: Kva meiner så Naturvernforbundet om vindkraft i usårbare og verdilause naturområde? Finst det?

*Nå skjer utbygging av vindkraft i kyst- og fjellområder der konsesjon aldri skulle vært gitt. Regjeringen og energiforvaltningen har i mange tilfeller hatt altfor dårlig faggrunnlag, og resultatet er at vi nå er vitne til at store, inngrepsfrie naturområder ødelegges.*

Kommentar: Kvifor har dei hatt for dårlig faggrunnlag? Fordi dei har ønska det. Øydelegginga av naturområde er ein villa politikk, ikkje eit resultat av dårlig faggrunnlag.

*Selv om fornybar energi trengs for å fase ut fossil energi, er vi også avhengig av en robust og intakt natur. Vi kan ikke sette kampen mot klimaendringene og tapet av naturmangfold opp mot hverandre - vi må finne løsninger som både stanser klimaendringene og tar vare på naturen.*

*En ny stortingsmelding om vindkraft ble lagt fram i 2020, og ble behandlet av Stortinget i november 2020. Nå er et nytt konsesjonssystem på trappene. Naturvernforbundet er fornøyd med at regjeringen vil legge mer vekt på natur og reindrift, men vi er bekymret for at innholdet i*



*meldingen ikke er nok til å stanse de store, naturødeleggende vindkraftutbyggingene. Vi jobber videre for at naturen skal få en større rolle i vindkraftspørsmål.*

Kommentar: Dette er å spreie illusjonar om at regjeringa vil legge meir vekt på natur og reindrift. Det er ingenting konkret i regjeringa sine framlegg som tyder på dette, bortsett frå nokre generelle fine ord.

[Naturvernforbundets landsstyre uttalelse: "Stans naturødeleggende vindindustri"](#)

[Les mer om vindkraftsakene vi jobber med i Naturvernforbundet](#)

*Hva er problemene knyttet til utbygging av vindkraftanlegg?*

*I stedet for å forsøke å bygge vindkraft langs eksisterende inngrep, eller hvor naturen allerede er forringet, planlegges vindkraftverk i sårbar og verdifull natur, som har vært lite påvirket av menneskelig aktivitet og inngrep. Intakte naturområder og natur med store verneverdier er uforenlig med vindkraftutbygging, og i tillegg kommer omfattende veinett og kraftlinjer som stykker opp og drenerer området. Aktiviteten er også stor under utbygging, drift og vedlikehold av anleggene, noe som igjen påvirker naturen rundt. Det innebærer at store naturområder bygges ut, og at inngrepsfri natur ødelegges. Slik natur er leveområder for truede, sårbare og rødlista arter.*

Kommentar: Truga, sårbare og raudlista artar finst også i nærnatur og restnatur, desse kan også bli ramma av utbygging i område som ikkje er inngrepsfri.

*Utbyggingen fører til at naturområder blir fragmentert og redusert, og at sårbare og sjeldne naturtyper bygges ned. Arealinngrep er den desidert største akutte trusselen mot natur og artsmangfold både nasjonalt og globalt ([les mer IPBES-rapporten fra fra FNs naturpanel](#)), og 90 prosent av alle rødlista arter i Norge trues nettopp på grunn av arealendringer og arealødeleggelse. Ødelagte økosystemer gjør natur og mennesker langt mer sårbare for klimaendringene. Våtmarker, myr og skog er viktige både som karbonlagre og for å beskytte oss mot flom og tørke.*

*Hva mener Naturvernforbundet om vindkraft?*

- *Tiden for de store, naturødeleggende vindkraftutbyggingene er definitivt over.*

Kommentar: Ingenting i regjeringa sin politikk tyder på at desse er over. Derimot blir det planlagt for større og meir naturødeleggende utbyggingar enn nokon gong, og mens det er konsesjonspause bygger staten ut kraftlinjer for å legge til rette for slike utbyggingar.

- *Vindkraft på land må kun planlegges som mindre anlegg, i industrialiserte områder, langs etablerte infrastrukturnettverk, eller på andre arealer der naturverdiene allerede er sterkt forringet. Også i slike områder må det tas hensyn til natur og friluftsliv og unngå utbygging i områder med verdifullt fugleliv.*

Kommentar: Viser til tidligare kommentarar om kva som er mindre anlegg og industrialiserte område. Mange av skadeverknadane ved vindkraft er like store eller større der.

- *Norge må bli fossilfritt innen 2040. Det trengs en massiv satsing på energieffektivisering, redusert energibruk i transportsektoren samt en styrt reduksjon av petroleumssektoren for å fase ut fossil energi.*

- Alle gitte vindkraftkonsesjoner som har konsekvensutredninger som er eldre enn 5 år, må gjennomgå ny konsesjonsbehandling. og konsesjonshavere som søker om utsatt oppstart av drift, må få avslag.
- Hensynet til naturmangfold, eksisterende bosetting, friluftsliv, naturbaserte næringer og samiske rettigheter må være krav i lovverket som regulerer vindkraft.
- Vindindustrien må få automatisk avslag i alle reindriftsområder
- Krav og vilkår i miljø-, transport- og anleggsplaner (MTA) må formuleres konkret og tydelig og være langt strengere. NVE og Miljødirektoratet må føre tilsyn og sørge for at vilkårene overholdes. Brudd på vilkår må medføre at prosjekter stanses, og at konsesjoner trekkes tilbake.
- Ny fornybar energi må bidra til å redusere forbruket av fossil energi. All produksjon av fornybar energi, også vindkraft, kan bidra til å fase ut fossil energi, om ikke totalforbruket økes. Mer enn halvparten av energibruken i Norge er fortsatt fossil, og i Europa er andelen fossil energi langt høyere. Utfasing av olje, gass og kull, betydelig energieffektivisering, omlegging av transportsektoren samt produksjon av fornybar energi er tiltak som trengs for å nå Parisavtalens mål om å begrense global oppvarming til 1,5 grader. Les mer i [Naturvernforbundet rapport "Et fossilfritt Norge i 2040"](#).

Hva kan være utfordringene knyttet til vindkraftproduksjon?

- Store, unike naturområder bygges ned.

Spørsmål: Kva meinast med unike naturområde? Skal eit naturområde vere unikt for å vere verdt å verne?

- Inngrepsfri og lite berørt natur ødelegges.
- Leveområder for truede, sårbare og rødlista arter blir fragmentert og redusert.
- Svært mange av vindkraftanlegga som er bygd ut i Norge idag, er tvunget inn i reinens leveområder og utgjør en stor trussel mot samisk naturgrunnlag.
- Folks nærnatur og friluftsområder omgjøres til industriområder.

Kommentar: Bra! Her brukast endelig ordet nærnatur, som eg elles saknar frå Naturvernforbundet.

- Lokalbefolkningens motstand mot vindkraftanlegg øker.
- Store arealavtrykk fra anlegg. Hver vindturbin trenger nærmere 1 km anleggsvei samt en stor oppstillingsplass. Når dette plasseres i inngrepsfri og verdifull natur, skaper det selvsagt reaksjoner.
- Arealinngrep utgjør allerede den desidert største trusselen mot [natur og arts mangfold både nasjonalt og globalt](#)
- 90 prosent av alle rødlista arter i Norge trues nettopp på grunn av arealendringer og arealødeleggelse.
- Vindkraftindustri øker dette presset slik mange anlegg bygges i dag.

Hvordan jobber Naturvernforbundet med vindkraftutbygginger?

Naturvernforbundet jobber nasjonalt opp mot energi- og miljømyndigheter for å bevare naturen og kreve miljøhensyn i vann- og vindkraftkonsesjoner. Organisasjonens lokal- og fylkeslag gjør den viktige jobben med å ta vare på naturen rundt om i kommunene. Det er i hovedsak våre aktive og

tillitsvalgte lokalt som gir innspill til politikere, miljøforvaltning og utbyggere og skriver høringsuttalelser og eventuelt klager på vindkraftkonsesjoner. Vi samarbeider tett med andre natur- og friluftsansjoner både lokalt og nasjonalt i en rekke vann- og vindkraftsaker.

[Se en oversikt over arbeidet vårt nasjonalt og lokalt her](#)

I Naturvernforbundets prinsippprogram, vedtatt på landsmøtet i 2018, står det: Naturvernforbundet er opptatt av at ny fornybar energi må bidra til å redusere forbruket av fossil energi. Sammen med energisparing må Norge satse på ny fornybar energi, slik som bio- og solenergi, bølge- og vindkraft og geovarme. Ved all utbygging må det tas særskilt hensyn til naturmangfold, folkehelse, landskap og tradisjonelle naturbaserte næringer.

Ressurser og dokumenter

[Innspill til endring i konsesjonssystemet for vindkraft](#)

[Innspill til St.meld om vindkraft](#)

[Les og se Naturvernforbundets appell på demonstrasjon mot vindkraft 8. september 2019](#)

[Uttalelse fra Mosjøen-møtet i juni 2020 om vindkraft på Øyfjellet](#)

[Les mer om hva Naturvernforbundet mener om Rammeplanen for vindkraft](#)

[Les mer om hva Naturvernforbundet mener om klima](#)

[Uttalelser fra Naturvernforbundets landsstyre:](#)

[Spar Innvordfjellet \(Landsstyreuttalelse 2020\)](#)

[Stans naturødeleggende vindkraftindustri \(Landsstyreuttalelse 2020\)](#)

[Naturvernforbundet krever full gjennomgang av det miljøfaglige grunnlaget for gitte vindkraftkonsesjoner \(Landsstyreuttalelse 2019\)](#)

[Bekymret for konsekvensene av nasjonal ramme for vindkraft på land \(Landsstyreuttalelse 2019\)](#)

[Omfattende vindkraftutbygging ødelegger verdifull natur i Trøndelag \(Sentralstyreuttalelse 2019\)](#)

[Ingen vindindustri i reinens leveområder! \(Landsstyreuttalelse 2018\)](#)

[Finnmarks natur må ikke erstattes av vindindustri \(Landsstyreuttalelse 2017\)](#)

[Krever et fossilfritt Norge i 2040 \(Landsstyreuttalelse 2019\)](#)

[Andre ressurser om vindkraft:](#)

[Vindkraftsaker i Naturvernforbundet](#)

Naturvernforbundet i Rana og omegn, med tilslutning fra fire fylkeslag: [Innspill til stortingsmeldingen om vindkraft på land](#)

Naturvernforbundet i Ávjovárri: [Rapport - Vindkraft eller reindrift](#)

Fylkeslaget i Trøndelag: [Informasjonsavis om vindkraftutbygging i Vikna](#)

Fylkeslaget i Trøndelag: [Faktahefte om vindkraft](#)

Advokatfirmaet DSA: [Vurdering av hvilke forutsetninger som må ligge til grunn for at konsesjoner kan bli omgjort](#)

Kommentar: Det er svært mye bra i denne kjeldelista, men her er også samanblanding av smått og stort. Det finst INGEN større rapportar om vindkraft frå Naturvernforbundet sentralt, men her er nemnd to store rapportar frå fylkes- og lokallag, Trøndelag og Ávjovári. Desse burde hatt ein meir framtrédande plass enn å drukne i denne lista og namna på rapportane bør gjengivast rett.

Her er bare vist til materiale som er skrivi eller utgitt av Naturvernforbundet, men mest informasjon finn ein frå Motvind og La Naturen Leve. Det bør vere med ei linke til sidene deira.

Under *Vindkraft* er det 4 undertema: *Rammeplanen, Davvi, Innmark- og Sørmarkfjellet og Vindkraftsaker vi jobber med. Eg skal har konsentrere meg om den andre og den fjerde.*

*Si nei til vindkraft i Finnmarks natur!*

Kommentar: Det er ikkje samsvar mellom overskrifta og innhaldet. Det er planlagt ei rekke vindkraftanlegg i Finnmarks natur, dette handlar om eitt av dei.

*Ved Laksefjordvidda i Finnmark mellom Lebesby og Tana vil selskapet Grenselandet AS bygge et stort vindkraftanlegg. Utbyggingen av Davvi vindkraftverk vil legge beslag på store, inngrepsfrie områder som i dag brukes til reinbeite og friluftsliv. Området ligger rett ved et av Finnmarks mest kjente fjell, Rásttigáisá.*

*Industrianlegget vil legge beslag på et gigantisk område – rundt 78 kvadratkilometer, midt i Norges nest største sammenhengende inngrepsfrie naturområde. Området ligger rett ved Rásttigáisá, som er et samisk hellig fjell. Naturvernforbundet går mot vindkraft i området da det vil gi uforholdsmessig store negative konsekvenser for naturen, lokal høsting, reindrift og samiske kulturminner.*

### ***Store, inngrepsfrie områder***

*Her er det store, urørte naturområder hvor både bjørn og fjellrev tidvis ferdes, og det kjente fjellet Rásttigáisá og områdene rundt brukes mye for friluftsliv med fiske, jakt og bærplukking.*

Kommentar: Frå Finnmark har vi eit utal gongar protestert mot bruken av ordet "urørt" om natur, når denne nettopp er brukt som det står i siste del av setninga. No bør vi bli kvitt dette ordet ein gong for alle. "Urørt" og "villmark" er ord som brukast for å skjule den lokale bruken av området og dermed at det finst folk som har rettar her.

*Finnmarks myr- og fjellandskap blir stadig presset av utbyggingsplaner, klimaendringer og gruvedrift. Derfor er det viktig å ta vare på områdene som er igjen.*

*Utbyggingselskapet Grenselandet AS skriver i sin melding at "området og landskapstypen er meget artsfattig og ensrettet". Det er feil. Derimot er artsmangfoldet i området dårlig kartlagt. Det er noe ganske annet! Naturmangfoldloven er tydelig på føre var-prinsippet og at utbygger ikke kan bruke manglende kunnskap som argument for å iverksette naturinngrep.*

### ***Presser reindriften***

*Hensynet til samisk kultur, og herunder også reindrift, er viktig for Naturvernforbundet. Naturmangfoldloven tar flere steder hensyn til samiske interesser.*

Kommentar: Nei, Naturmangfoldlova tar ikkje hensyn, men krev at samiske interesser skal bli vurdert og tatt omsyn til.

Reindrifta har allerede erfaring med en rekke vindkraftutbygginger, som har skapt vanskeligheter for drifta. Den nærmeste av disse er utbygging av Kjøllefjord vindkraftverk på Gartefjell. Her har 17 vindturbiner på et areal på 1.6 kvadratkilometer ført til at omlag 90 prosent av reinen skyr ei halvøy på 67 kvadratmeter

Kommentar: 67 kvadratKILometer!

som tidligere var beite for over 1000 rein. På Davvi vil man bygge rundt 267 vindturbiner som er større enn de på Gartefjellet, og dette vil føre til at langt større områder ikke kan brukes til reindrift.

### **Kraft til videre ødeleggelse?**

I meldingen pekes det på et påstått økt kraftbehov i Finnmark, på grunn av energikrevende industri slik som gruveprosjekter i regionen, blant annet Nussir ASA i Kvalsund, og økt petroleumsvirksomhet i Barentshavet. En videre utbygging av petroleumsvirksomhet i Barentshavet, eller en realisering av Nussir ASA medfører svært negative virkninger for både klima og miljø, og er noe Naturvernforbundet går sterkt imot.

### **Sparing bedre enn utbygging**

Naturvernforbundet mener at et av de viktigste tiltakene for mer miljøvennlig energibruk ikke er å produsere mer energi, men å bruke mindre. Dersom vi utnytter energien vi allerede har til rådighet på en mer effektiv måte, sparer vi også klimaet og miljøet for klimagassutslipp og naturinngrep. Dette prosjektet legger beslag på store naturområder av høy verdi og har store negative innvirkninger på naturmangfoldet. Det er også stor lokal motstand mot prosjektet.

### **Krever full stopp**

Naturvernforbundet krever full stopp i planene om utbygging av vindindustri i Davvi og oppfordrer Grenseland AS til å trekke sin søknad. Videre ber vi NVE og regjeringen å si nei til vindindustri i reindriftsområder og i de områdene som ennå har opprinnelig natur og ikke er påvirket av større inngrep.

Les mer om Davvi, reindrift og vindkraft på nettsiden til [Naturvernforbundet i Finnmark](#).

Kommentar: Det er bra ein viser til Finnmark, men dette bør da gå direkte til temaet Kraft:  
<https://naturvernforbundet.no/finnmark/kraft/category2042.html>

### **Vindkraftsaker vi jobber med**

Kommentar: Denne oversikten er bra, sjølv om den ikkje er fullstendig. Det manglar f.eks. ei oppsummering av Fálesrášša i Finnmark, som var ein av dei første planane som blei stoppa etter protestar frå reindrifta og Naturvernforbundet.

Det er ein tendens her til å gi Naturvernforbundet heile æra for kampane mot dei forskjellige vindkraftplanane. Det gjeld bl.a. Kalvvatnan, der den samiske motstanden var minst like viktig som Naturvernforbundet sin innsats.

Her er ei rekke sider om andre former for energi. Eg kan ikkje gå inn på alle, men har sett litt på atomkraft. Det meste som står der er nok rett, men det er veldig prega av at man har bestemt seg for å avvise all atomkraft, utan å sjå på om nyare teknologiar er sikrere og verd å satse på.

Under Atomkraft står ei viktig setning:

*"Det er dessuten viktig å vite at drivhusgasser slippes ut i alle stadier i en atomreaktors livssyklus – under bygging, drift, produksjon av brensel, ved demontering og ved avfallsbehandling. Spesielt er brenselsproduksjonen problematisk, der store mengder karbon slippes ut ved gruvedrift og i prosessen med å separere uran fra malmen."*<sup>7</sup>

Kommentar: Dette er heilt sant. Men tilsvarende gjeld også for vindkraft og vasskraft, og der er det ikkje nemnd. Kvifor?

Under *Myter om atomkraft* er det ein påstand som definitivt er feil:

*Det er mulig å nå FN's klimamål uten atomkraft. Tyskland klarer å legge ned både kullkraft og atomkraft.*

Kommentar: Nei, Tyskland klarer ikkje dette. Dei har prioritert å legge ned atomkrafta, og bygge ut enormt med vindkraft. Resultatet er at dei knapt har redusert kolkrafta. Det blir fortsatt opna nye kolgruver. Det er umogleg å drive heile Tyskland på vindkraft. Allereie før nedlegginga av kolkraft har kome skikkelige igang har dei store problem med den ustabile vindkrafta. Denne påstanden gir inntrykk av at vindkraft kan bli hovudleverandør av kraft i mange land, og det er direkte feil. Å skulle legge ned all kolkraft og atomkraft samtidig som bilparken skal elektrifiserast er bare eventyr.

### **Konklusjon**

Naturvernforbundet har faktisk produsert ganske mye materiale om energi generelt og vindkraft spesielt. Men mye er ikkje oppdatert, materialet er ikkje konsekvent og prega av at forbundet har endra syn gjennom tidene og av at det er delte meininger fortsatt. Det er framleis sterkt prega av illusjonane om vindkraft som fornybar og miljøvenlig. Det er også ein del faktafeil, og behov for å gå kritisk gjennom og rette opp materialet på nettsida. Og ikkje minst: Det er på tide å anerkjenne at andre har gjort ein minst like stor innsats, og å linke til materiale produsert av f.eks. La Naturen Leve, Motvind Norge og Miljøvernforbundet.

---

<sup>7</sup> <https://naturvernforbundet.no/atomkraft/category2847.html>